



Det Kongelige Landbruks- og Matdepartementet
E-post: postmottak@lmd.dep.no

Vår ref.
09/1163/000, &00/BEOS/70258820

Dykkar ref.

Dato:
26.11.2014

Særutskrift: Høyringsuttale frå Norddal kommune - forslag om å oppheve konsesjonslova og buplikta

Det er fatta følgjande vedtak i saka:

FS-131/14 Vedtak i Formannskapet 24.11.2014:

Norddal kommune rår ifrå å oppheve konsesjonslova og buplikta.

Norddal kommune er ein utprega landbrukskommune, og både næringsliv og folketalsutvikling er avhengig av aktivitet på gardsbruka i bygdene våre.

Landbruket i kommunen vår er prega av små og mellomstore gardsbruk, og det er ønskjeleg at vi også i framtida har ein landbrukspolitikk som fremjar drift og busetjing på flest mogleg bruk, og som hindrar at bruk blir kjøpte opp som fritidseigedommar. Både konsesjonslova og buplikta er gode verkemiddel for ein slik politikk.

Vi ser det som viktig at samfunnet legg opp til ein politikk som tek omsyn til at vi skal ha matproduksjon over heile landet. Ved å fjerne konsesjonslova – med prisregulering og buplikt – opnar vi opp for spekulasjon i landbrukseigedommar og avvikling av det tradisjonelle familielandbruket. Familielandbruket har vore og er svært viktig for busetjinga og for produksjonen av mat i Distrikts-Noreg.

Konsesjonslova gjer det også mogleg å leggje til rette for at ungdom som vil inn i landbruksnæringa, kan ta over bruk utan å måtte dra med seg ei tung økonomisk bør i drifta. Slik sett er konsesjonslova også med å på å fremje investeringar og utvikling i landbruket.

Med helsing

Bente Klakken Osvik
konsulent